NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

KVAM HERAD
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Vår dato: 11.02.2026
Vår ref.: 202514486-3 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

21531 – Tilsegn om tilskot til planlegging av sikringstiltak i Øystese/Øysteseelva, Kvam Herad, Vestland fylke

Vi viser til Kvam Herad sin søknad av 01.07.2025 om tilskot til planlegging av sikringstiltak i Øystese/Øysteseelva.

Kommunen ynskjer å planlegge sikringstiltak med bakgrunn i flaumrapport frå Norconsult som syner at elva går over sine breidder og mot eksisterande bygg ved 20-års flaum med klimapåslag. I tillegg syner kommunen til tre tidlegare flaumhendingar.

Tiltaket har eit kostnadsoverslag på 4 450 000 kroner eksklusive mva.

Vedtak

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gir Kvam Herad tilsegn om tilskot til planlegging av sikringstiltak i Øystese/Øysteseelva.

Kostnader til mva. og administrasjon skal ikkje inngå i tilskotsgrunnlaget. På bakgrunn av dette er budsjetterte kostnadar til detaljregulering trekt ut frå tilskotsgrunnlaget.

NVE vil dekkje 90 prosent av kostnadene. Tilskotet er likevel avgrensa til maksimalt 3 000 000 kronar eksklusive mva.

Grunnlaget for vedtaket er forskrift om naturfaretilskot[1] og løyvingar over statsbudsjettet[2].

[1] Forskrift om naturfaretilskot (Lovdata)
[2] Statsbudsjettet, kap. 1820, post 60

Vilkår
Tilsegna blir gitt på følgjande vilkår:

1. Planlegginga og gjennomføringa av tiltaket skal tilfredsstille krava i plan- og bygningslova og andre aktuelle lovverk når det gjeld løyve, krav til saksbehandling og ansvarsrett og at privatrettslege forhold knytte til tiltaket er avklarte. Omsynet til naturmangfaldlova og vassforskrifta skal vere ivareteke.
2. Tiltaket blir prosjektert, blir gjennomført og kontrollert av føretak med kompetanse på fagområdet.
3. De skal sluttføre prosjektet og sende sluttrekneskapen til NVE innan 15. november 2028. Det skal også følgje med ei oversikt som viser korleis tiltaket er finansiert, og som spesifiserer utgiftene ved gjennomføringa av tiltaket.
4. Etter at prosjektet er avslutta, skal de sende NVE ein prosjektrapport. Prosjektrapporten skal gjere greie for kva tiltak som er gjennomførte, og kva resultat som er oppnådde.

Vi viser til vår digitale sikringshandbok for rettleiing om viktige prinsipp for sikring i Sikringshåndboka (nve.no)

Eigendel
De skal dekkje 10 prosent av kostnadene ved tiltaket. Dette følgjer av forskrift om naturfaretilskot.[3]

Dersom kommunen ønskjer å få dekt heile eller delar av eigendelen frå private med grunnlag i avtale eller i naturskadelova § 24, er dette ansvaret til kommunen.

Dersom det blir kostnadsoverskridingar i prosjektet, må kommunen dekkje desse i sin heilskap sjølv.

Presisering som gjeld byggjeløyve og forholdet til private interesser

Vi understrekar at tilsegna vår ikkje inneber noka form for løyve til å starte bygging. Saka må avklarast etter plan- og bygningslova og føresegner i andre aktuelle lover, sjå punkt 1 under vilkåra.

Vi gjer også merksame på at Kvam Herad sjølv må ordne forholda til dei private interessene som er ramma av tiltaket. Det gjeld også retten til grunnen der tiltaket skal plasserast. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda ved gjennomføring av tiltaket.

[3] Forskrift om naturfaretilskot § 5 første ledd (Lovdata)

Når blir tilskotet utbetalt?

Før vi utbetaler tilskotet, må de

- ferdigstille tiltaket
- sende prosjektrapport (sjå punkt 4 i vilkåra) og rekneskap til NVE. Rekneskapen må vere attestert av revisor ut frå vilkår gitt i tilsegnsbrevet og bli godkjend av NVE.
- sende faktura til NVE med 30 dagars forfall. Fakturaen skal sendast elektronisk i EHF-format og merkast med:
  3490ana/21531/elas

Forslag om møte

NVE ynskjer møte med Kvam Herad for å gå gjennom tilsegnsbrevet, vilkåra og forpliktingane som knyt seg til tilsegnet. NVE tek kontakt med kommunen etter klagefrist for å avtale eit passane møtetidspunkt.

NVE si grunngiving

NVE har vurdert denne søknaden opp mot andre søknader vi har fått i 2025. Vi skal prioritere tiltaka som har størst risiko og høgast samfunnsmessig nytte i forhold til kostnadene. I tillegg må tiltaket oppfylle tildelingskriteria i forskrift om naturfaretilskot § 4 og § 9.

Kvam Herad ynskjer å planleggje eit fysisk tiltak for å redusere faren for flaum i Øystese. Dette er i tråd med forskrifta § 4 første ledd. Tiltaket har høg nytteverdi i forhold til kostnadene, og vi legg særleg vekt på at tiltaket vil gi auka tryggleik for mange menneskes liv og helse.

NVE har ikkje moglegheit til å dekke kostnadar knytt til kommunal administrasjon. Tilsegnsbeløpet er difor justert ned tilsvarvarande kostnad til reguleringsplan m.m. oppgitt i budsjett vedlagt tilskotssøknad.

Moglege kontrolltiltak og reaksjonsformer

NVE og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir brukte etter føresetnadene. Det følgjer av forskrift om naturfaretilskot.[4]

Så lenge tilskotet ikkje er utbetalt, kan tilsegna falle bort utan nærare varsel dersom Kvam Herad

- ikkje overheld eller aksepterer vilkåra for tilskotet
- opptrer i strid med målet for tilskotsordninga

[4] Forskrift om naturfaretilskot § 11 (Lovdata)

NVE kan krevje at utbetalt tilskot blir betalt tilbake dersom

- det er utbetalt på grunnlag av feilaktig eller misvisande informasjon frå Kvam Herad
- tildelinga er brukt til andre formål enn føresett eller bryt med vesentlege vilkår i tilsegna

Rett til å klage

Partane i saka kan klage på vedtaket, sjå orientering om retten til å klage på siste side.

Med helsing

Eli Anne Støfring
Overingeniør

Godkjent av Jostein Mårdalen
Sjefingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:
KVAM HERAD

Kopimottakarliste:
KVAM HERAD - Tore Dolvik

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjord. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.